



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 17.02.2015
Tidspunkt: 14:00 – 17:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jens Harald Abotnes	Leiar	KRF
Hans Solberg	Nestleiar	SP
Elin Dyrseth Liøen	Medlem	AP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Lena Tveit	Medlem	BY

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Tone Ramsli	Rådmann – møte i PS 3/15 og PS 4/15
Marit Aksnes Aase	Ordøfrar – møte i PS 5/15, PS 6/15 og PS 7/15
Øyvind Berge	Forvaltningsrevisor Deloitte – møte heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – møte heile møtet

Jens Harald Abotnes
utvalsleiar

Kari Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/15	Orienteringssak om arbeid med etikk i Samnanger kommune		2014/239
PS 4/15	Orienteringssak om prosess med utlysing av låneopptak for Samnanger kommune		2014/231
PS 5/15	Orienteringssak - løypemelding om arbeid med forvaltningsrevisjon om internkontroll i Samnanger kommune		2014/226
PS 6/15	Planlegging av kurs for kontrollutvalet, andre politikarar og administrasjon, i regi av Deloitte		2014/426
PS 7/15	Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Invitasjon til deltaking		2015/12
PS 8/15	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2014		2014/236
PS 9/15	Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune sine møter i 2015		2014/233
PS 10/15	Referatsaker		
RS 2/15	Budsjett 2015 for kontroll og tilsyn og førebels rekneskap pr. 31.12.14		2014/230
RS 3/15	Statusrapport etter selskapskontroll Business Region Bergen pr. desember 2014		2014/227
RS 4/15	BIR - Gjennomførte interne forvaltningsrevisjonar		2014/190
RS 5/15	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat - Rapport		2014/382
RS 6/15	Brev om ikrafttreding av endringar i kommunelova og offentleglova		2015/8
PS 11/15	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 12/15	Eventuelt		

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 2/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 02.12.14.

Vedtak:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 02.12.14 vart samrøystes godkjent.

PS 3/15 Orienteringssak om arbeid med etikk i Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Rådmann Tone Ramsli orienterte om etikk-arbeid og etiske retningslinjer. Spørsmål om retningslinjene burde reviderast vart reist. Det vart peika på at etikk burde vera fast tema både på leiarsamlingar og ute på alle arbeidsplassane i organisasjonen. Rådmann nemnde døme på utfordringar når det gjeld kommunikasjon mellom ansatte og innbyggjarar. Kontrollutvalet drøfta ulike sider ved etikk-arbeid og situasjonar der det er viktig å ha fokus på etikk-spørsmålet, og at dette gjeld både politikarar og tilsette i kommunen.

Det vart konkludert med at dette er eit viktig tema å ha fokus på. Det bør vera eit tema i folkevaldopplæringa for ny valgperiode. Vidare bør det vera tema i ulike fora, som t.d. personalmøte og leiarsamlingar, med jamne mellomrom. Avsnitt i årsmeldinga til kommunen om etikk vil og synleggjera at dette er viktig for kommunen. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 4/15 Orienteringssak om prosess med utlysing av låneopptak for Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Rammeavtale for kommunale låneopptak er lagt ut på anbod. Rådmann orienterte om bakgrunn for dette, om prosessen så langt og vidare arbeid med saka. Kontrollutvalet ønskjer å følgja med vidare når det gjeld erfaringar kommunen gjer seg med dette arbeidet, og ber om å få informasjon også på neste møte. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 5/15 Orienteringssak - løypemelding om arbeid med forvaltningsrevisjon om internkontroll i Samnanger kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Øyvind Berge frå Deloitte gav statusrapport frå arbeid med forvaltningsrevisjon om internkontroll. Det er gjennomført intervjurunde, og ein er i ferd med å avslutta arbeid med innsamling av data. Utviding av prosjektet med og å gjelda andre etatar, vart drøfta. Kontrollutvalet konkluderte med at ein skal halda fast på prosjektplanen, slik den er vedteken. Det var semje om at å sjå på andre områder av internkontrollen kan vurderast på eit seinare tidspunkt, om ønskjeleg.

Prosjektet er planlagt ferdig i løpet av mai, og det ligg an til at rapport kan leverast etter planen. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 6/15 Planlegging av kurs for kontrollutvalet, andre politikarar og administrasjon, i regi av Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Saka vart drøfta medan ordførar var tilstades. Det vart gjeve signal om at slikt kurs-tilbod i regi av Deloitte ville vera til nytte i samband med folkevaldopplæring til hausten. Ordførar peika på at det vil vera viktig å gje god opplæring for nye politikarar om kva tilsyns- og kontrollansvaret i kommunen innebær. Kontrollutvalet slutta seg til desse synspunkta, og det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

Vedtak:

Kontrollutvalet vil at kurs-tilbod i regi av Deloitte vert nytta i samband med folkevaldopplæring til hausten.

PS 7/15 Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Invitasjon til deltaking

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar nei til deltaking i selskapskontroll av Storeholmen VTA AS.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtek i saka var at Samnanger kommune ikkje skulle delta i dette prosjektet. Dette var ut frå signal som var gjeve i kontrollutvalet i tidlegare møter.

Ordførar var med under handsaminga av saka og kom med innspel på at det ville vera nyttig for kommunen å vera med på selskapskontroll / forvaltningsrevisjon av Storeholmen VTA AS, og at det og ville vera av verdi å sjå på eigarskapskontroll for Samnanger kommune sin del, i samband med deltaking i prosjektet. Etter å ha lagt fram sine synspunkt, måtte ordførar forlata møtet for å nå ein annan avtale. Ho var såleis ikkje til stades ved vidare drøfting og når vedtak vart fatta.

Kontrollutvalet drøfta saka og såg på dei alternativ som låg føre:

1. Halda fast på forslag til vedtak om å takka nei til å delta i selskapskontrollen.
2. Å delta i forvaltningsrevisjons-delen av prosjektet. Dette vil innebera 15 timar, og kan dekkast innanfor budsjettamma for kontrollutvalet.

3. Å delta på kun eigarskapskontroll-delen av prosjektet. Dette vil innebera omlag 60 timar, og dette er det ikkje dekning for i budsjettamma.
4. Å delta på både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapet. Dette vil då innebera omlag 75 timar, og det er heller ikkje dekning for dette i budsjettamma.

Alternativ 3 og 4 ville medføra at kontrollutvalet måtte gjera vedtak med atterhald av kommunestyret si godkjenning om ekstraløyving til å delta i prosjekt med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS.

Kontrollutvalet drøfta dei ulike alternativa grundig. Det vart peika på at budsjettammene til kontrollutvalet er svært knappe, og det var usemje om ein skulle be kommunestyret om ekstraløyving til å delta i selskapskontrollen. Saka vart teke opp til røysting. Det vart første røysta over forslag til vedtak som låg føre. Det var 3 røyster for dette forslaget og 2 røyster imot. Saka var dermed avgjort og dei andre alternativa vart såleis ikkje teke opp til røysting.

Det ligg då føre slikt vedtak i saka, med 3 mot 2 røyster:

Vedtak:

Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar nei til deltaking i selskapskontroll av Storeholmen VTA AS.

PS 8/15 Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2014

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2014.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2014 vart gjennomgått og drøfta. Det kom ikkje forslag til endringar, og forslag til innstilling vart samrøystes vedteke. Kontrollutvalet ønskjer at årsmeldinga vert kort presentert for kommunestyret når den vert teke til handsaming.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2014

PS 9/15 Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune sine møter i 2015

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2015:

Dato:	Merknad:
17.02.2015	Under avvikling
13.04.2015 eller 17.04.2015	
21.05.2015	
16.09.2015	
24.11.2015	

Møtedatoar for kontrollutvalet sine møter i 2015 vert å legga ut på heimesida til Samnanger kommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet drøfta forslag til møteplan. Då rådmann var med i møtet kom ho med signal om når tid rekneskap kunne vera klar for handsaming.

Det vart bestemt å ha 3 møter i vårhalvåret, møte der rekneskapsak skal handsamast vert 17.04.15 kl. 12.00, og forslag til møtedato i mai vert flytta til 09.06.15 kl. 14.00. Dette for å legga til rette for å handsame rapport etter forvaltningsrevisjon i siste møte før sommarferien. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2015:

Dato:	Merknad:
17.02.2015	Under avvikling
17.04.2015 kl. 12.00	
09.06.2015 kl. 14.00	
16.09.2015	
24.11.2015	

Møtedatoar for kontrollutvalet sine møter i 2015 vert å leggja ut på heimesida til Samnanger kommune.

PS 10/15 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart gjennomgått og teke til orientering. Nokre av dei vart kommentert.

- RS 1/15 – melding om «Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet – prisjustering» var ikkje kome med under referatsakene ved utsending. Brevet vart delt ut, gjennomgått og teke til orientering.
- RS 4/15 – BIR – gjennomførte interne forvaltningsrevisjonar – notat som viser kva interne forvaltningsrevisjonar som er utført, og melding om at desse kan presenterast for kontrollutvala av representantar frå BIR, vart gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet konkluderte med at det ikkje var interesse for å få presentert resultat etter forvaltningsrevisjonane for Samnanger kommune sin del.

Det vart og gjeve melding om at årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatt Vest er nyleg motteke hjå sekretariatet. Dei vil bli lagt fram på neste møte i kontrollutvalet.

Dei andre referatsakene vart gjennomgått, kommentert og teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

PS 11/15 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar vart gjennomgått. Det var ingen saker ein ville undersøka nærmare på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 12/15 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015

Handsaming i møtet:

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt i dette møtet.